

Anders Olsson er brukar av 1 mællag d. å.

I 1701 står skrive at Ole Rasmusson var 55 år g. og har sønene Ole, Rasmus og Anders, 18, 12 og 3 år g. I 1711 er det nemnt at han hadde 4 søner og 3 døtre. Vi kan ikkje no finne namna på alle. Ei av døtrene, Elen (1688 - 1763) var g. m. Lars Fjørstad. Ei anna dotter vart gift til Linge. Rasmus vart Gjørva-mann. — Ole Rasmusson var lagrettemann i fleire år.

1705. *Ole Olsson* var brukar frå 1705.

I matrikkelen 1724 er sagt: Sår 1½, avlar 6 tynner bygg. Sår 1½, avlar 5 tynner havre. Forar 1 hest, 9 kyr, 8 ungfø, 4 geiter, 11 sauer. — Her er 1 kvern. Setervegen er ½ mil lang. Det er uvisst med kornavling. Garden ligg noko farleg til for snøfonn. Skylda bør aukast med 9 mrk. — Ole er brukar og eigar åleine.

ANDERSBRUKET, BR. NR. 1 og 2, skyld 1,22 + 1,20.

1725. *Anders Olsson*, son til Ole Rasmusson, er brukar frå 1725, eller kan hende noko før. Han var g. m. Marit Jonsdotter Gjerde, Stranda. Anders døydde 1751, 53 år g. Det er skifte etter han same året. Buet var verdsett 140 ÷ 36 dl. — Born: 1) Marte, 20 år g. 2) Brit, 18 år g. 3) Jon, 14 år g. 4) Ole, 12 år g. — Marit døydde 1772, 72 år g.

1762. *Jon Andersson* tok garden 1762, var g. m. Eli Ingebrigtsdotter. Han døydde 1795, 58 år g.

Dottera Ingeborg Jonsdotter vart g. m. *Lars Larsson Vinje*, som tok over garden.

Huslyden 1801: Lars Larsson, husfar, 41 år g., og Ingeborg Jonsdotter, husmor, 34 år g. Born: Jon, 8 år g., Mali, 10 år g., og Elisabet, 1 år g. Nikolai Larsson, bror til husbonden, 19 år g. Eli Ingebrigtsdotter, 58 år g.

Eli døydde 1810. Lars Larsson var skulehaldar nokre år, så mykje han tente seg fri militærtjeneste. I notatar finn vi nemnt at han 1801 bygslar garden til *Knut Larsson*, men denne Knut er ikkje nemnd seinare.

Ingeborg Jonsdotter døydde 1803, 36 år g. Det er skifte same året. Buet er verdsett 501 ÷ 404 rdl. — Born ved skiftet: 1) Jon, 10 år g. 2) Mali, 12 år g. 3) Elisabet, 3 år g.

Lars gifte seg att med Anne Ivarsdotter Storstein. Dei hadde desse borna fødte i Øvstegarden: 1) Ivar, f. 1805. 2) Gjører Marta,

f. 1806. 3) Malina Marta, f. 1808. 4) Ingeborg Marta, f. Lars og Anne flytte til Vinje.

Mali, dotter til Lars og Ingeborg, var g. m.

Jakob Jakobsen, og dei tok garden 1816. Jakob døy 81 år g., og Mali 1885, 93 år g. — Born: 1) Jakob Inst 2) Lars, g. m. Gjører Frøysa (Endre). Dei sat sist på Ny. nindal. 3) Elias Furnes. 4) Ingebrigt.

1854. *Ingebrigt Jakobsen*, g. m. Mari Larsdotter (f. dre), fekk skøyte på bruket frå Jon L. Vinje, J. J. Øv Peder Steffensson Gjørvad. — Mari døydde 1850, 29. Ved skiftet var buet verdsett 145 ÷ 5 spd.

Ingebrigt vart så g. m. Olianna O. Hellebostad.

Matrikulering 1866: 18 mål dyrka jord, 25 mål na slått til 20 høylas, 6 mål dynkingsjord. — Sår 3, avlar bygg. Sår 4, avlar 12 tynner havre. Sår 2, avlar 10 tynn Haustar 50 høylas. — Forar 1 hest, 10 storfe, 30 småfe Hamnegangen er mykje god og ligg lagleg til. Setra langt frå. Skog ikkje heilt nok til brensel og inkje til bygge. Det er tungt og vanskeleg å kome til avsetningsstad. frostfri, men misvoksterleg, og egedomen er brattlen under fare for jordskred. — Skyldframlegg: 1 dl. 1 ort.

Olianna døydde 1885, 61 år g., og Ingebrigt 1898, Born: 1) Jakob, f. 1849, g. m. Olava Gundersdotter (f. skap). 2) Ole Martinus, f. 1853. 3) Andreas, f. 1854. Martinus, f. 1856, d. 1887. 5) Mali, f. 1857. 6) Johann

1867 selde Ingebrigt halve garden til *Andreas Olsson* gjerde for 200 spd. Han selde til *Ole Martinus Ingebrigt*,

BR. NR. 1, skyld 1,22.

1877. *Torstein Olsson*, f. 1836, g. m. Maren Olava Aasen, f. 1846, fekk skøyte av Jakob Ingebrigtsson på h. for 2200 kr. Torstein døydde 1927 og Maren Olave 1941. 1) Ole Gustav, f. 1873, gift i Ørsta. 2) Oline, f. 1875, land. 4) Tommasine Beate, f. 1878, gift i Sortland. 5) 1881, g. m. Johannes Kjellstad. Dei kjøpte garden In. Dyrkorn. 5) Tomas, f. 1886, g. m. Josefine Stadheim. Andreas, f. 1890, g. m. Signy O. Frøysa. 7) Pernille, f.

1916. *Tomas Torsteinsson*, g. m. Josefine Jørgensen

Subject Jons Andersen
Source: Bunlyden FB
FHL 948.35.53 124
FHL# V. 2 pg. 56 Doc. # 2